

(kommunevåpen leggjast inn ved vedtatt plan)

# LINDÅS KOMMUNE

## REGULERINGSFØRESEGNER FOR: KJEVIKDALEN FYLLPLOSS, UTVIDING

jf. plan- og bygningslovens (pbl) § 12-7

### KJEVIKDALEN FYLLPLOSS, UTVIDING, GNR./BNR. 176/25, 177/36 M.FL.

Saksnr. / dok.nr. ....

Nasjonal arealplanID 1263-201306

Vedtatt dd.mm.åå

Sist revidert 27.05.2014

#### Reguleringsendringar (leggjast inn ved behov)

Saksnr.	Endringsnr.	Vedtatt dd.mm.åå	Sist revidert dd.mm.åå

#### PLANEN SIN INTENSJON

Intensjonen med planarbeidet er å utvide området i forhold til gjeldane plan for å få lagt inn naudsynt areal for reinseanlegg, gjere om på strukturar innanfor planområdet og få meir fyllplass.

#### § 1

#### FELLES FØRESEGNER

##### 1.1 Byggjegranser

1.1.1 Tiltak nemnd i Pbl § 29-4 b samt støttemurar og parkering kan plasserast nærare nabogrensa enn regulerte byggjegranser.

##### 1.2 Terrengbehandling

1.2.1 Terrenginngrep skal skje mest mogleg skånsamt.

##### 1.3 Støy

1.3.1 Ved byggjesøknad skal det dokumenterast korleis ein skal oppnå nivå under gjeldande grenseverdiar for innandørs- og utandørsstøy.

1.3.2 Miljøverndepartementet sine retningsliner for støy i arealplanlegging, T - 1442/2012 skal følgjast, også i bygg- og anleggsperioden.

##### 1.4 Kulturminner

1.4.1 Dersom funn, gjenstandar eller konstruksjonar blir oppdaga i forbindelse med gravearbeid, skal arbeidet stansast omgåande og fylkeskonservator underrettast, jf. Lov om kulturminne § 8, 2. ledd.

#### § 2

#### REKKEFØLGEKRAV

2.1 Reinseanlegg innanfor BRE skal vere ferdig opparbeidd før eventuelt nytt deponiareal kan nyttast.

#### § 3

#### BYGG OG ANLEGG

(pbl § 12-5 nr.1)

##### 3.1 Administrasjon

3.1.1 Innanfor BAD er det tillate med administrasjonsbygg knytt til NGIR si drift.

3.1.2 Maks byggehøgde er sett til kote +40.

3.1.3 Utnyttingsgraden er BYA=50%.

##### 3.2 Næring

3.2.1 BN1-BN4 er areal avsett til næringsformål.

3.2.2 Innanfor BN1 er maks byggehøgde er sett til kote + 40.

3.2.3 Innanfor BN2 er maks byggehøgde er sett til kote + 45.

3.2.4 Innanfor BN3 er maks byggehøgde er sett til kote + 40.

3.2.5 Innanfor BN4 er maks byggehøgde er sett til kote + 50.

3.2.6 Utnyttingsgraden innanfor BN1 er BYA=60%.

3.2.7 Utnyttingsgraden innanfor BN2 er BYA=80%.

3.2.8 Utnyttingsgraden innanfor BN3 er BYA=40%.

3.2.9 Utnyttingsgraden innanfor BN4 er BYA= 60 %.

##### 3.3 Renovasjonsanlegg

3.3.1 BRE er areal avsett til reinseanlegg for avrenning frå renovasjonsanlegget.

##### 3.4 Andre bygg og anlegg - massedeponi

3.4.1 BAS er areal for massedeponi.

- 3.4.2 Fyllingsgraden innanfor massedeponiet er gjeve i samsvar med gjeldande driftsløyve/konsesjon.
- 3.4.3 Innanfor BAS er det tillate med konstruksjonar knytt til NGIR si drift.

**§ 4**  
**SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK**  
**INFRASTRUKTUR**  
(pbl § 12-5 nr. 2)

**4.1 Køyreveg**

- 4.1.1 f\_SV1 er felles tilkomst til området, dimensjonert med ei breidde på 11 meter.
- 4.1.2 f\_SV2 er felles tilkomst frå f\_SV1 til mellom anna naust sør for planområdet, samt eventuell framtidig veg langs planområdet.
- 4.1.3 f\_SV2 er dimensjonert med ei breidde på 4 meter og skal opparbeidast som skogsbilveg.
- 4.1.4 SV3 er privat tilkomstveg vidare inn på planområdet, dimensjonert med ei breidde på 7 meter.

**4.3 Parkeringsplasser**

- 4.1.1 SPP er parkeringsplassar for NGIR.
- 4.1.2 Innanfor SPP kan det opparbeidast 43 parkeringsplassar.

**§ 5**  
**GRØNTSTRUKTUR**  
(pbl § 12-5 nr. 3)

**5.1 Vegetasjonsskjerm**

- 5.1.1 GV1-GV2 er areal avsett til vegetasjonsskjerm for å få ein grøn buffer ut mot dei tilgrensande områda.
- 5.1.2 Innanfor GV1-GV2 skal eksisterande vegetasjon bevarast, og o, naudsynt ny stadeigen vegetasjon plantast.

**§ 6**  
**LANDBRUK-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDER**  
(pbl § 12-5 nr. 5)

**6.1 Naturformål av LNFR**

- 6.1.1 LNA1-LNA2 er området avsett til naturformål.

- 6.1.2 Innanfor LNA1-LNA2 er det ikkje tillate med inngrep som kan vere til skade for naturen.

**§ 7**  
**OMSYNSSONER**  
(pbl § 12-6 jf. § 11-8)

**7.1 Frisikt**

- 7.1.1 I området med frisiktline og veg, frisiktssone, skal det ved avkøyrslar vere fri sikt i ei høgd av 0,5 meter over tilgrensande veg sitt plan.

**7.2 Raud støysone**

- 7.2.1 H210 er område for raud støysone.

**7.3 Gul støysone**

- 7.3.1 H220 er område for gul støysone.

**7.4 Faresone høgspantanlegg**

- 7.4.1 Faresone H370 er omsynssone rundt høgspantlinene.
- 7.4.2 Innanfor H370\_1 og H370\_2 er det ikkje tillate anlegg for varig opphald.